

Årsmelding frå styret i ØIL handball 2017/2018.

Styret i ØIL handball sesongen 2017-2018

Verv	Navn
Leiar	Tom Slenes
Sekretær/Foreldrekontakt	Ann Helen Ose Thorup
Økonomiansvarleg	Sigrun Vartdal
Sportsleg leiar	Sigve Skår
Styremedlem	Gry Olsson
Styremedlem	Gunnar Knutsen

Andre verv og utvalg

Verv	Navn
Arrangement ansvarleg	Elin Vetrhus
Dommar kontakt	Iver Medina Welle
Materialforvaltar	Norunn Fagerhol
Hallansvarleg	Patricio Medina
Mini-handball koordinator	Karoline Dyrhol Slenes

Styret har til vanleg møte ein gong kvar månad, og det har vore god oppslutning på møta denne sesongen. Styret har fungert godt og alle har tatt tak og gjort sin del av arbeidet.

Den som har ansvar for arrangementa har også ei eigen komité som deler på ansvaret dei helgane vi har arrangement i Ørstahallen. Dei som er med i denne komitéen denne sesongen er:

- Elin Vetrhus (G12)
- Elen Silseth Tømmerbakk (G12/G16)
- Monica Blomberg (G13)
- Maria Frøland (G12)
- Reidun Mo (J13)
- Alice Gundersen (J16)
- Linda Halse Digernes (J10)
- Veronica Bigset (Mini)

Sesongen 17-18 har vi hatt ca. 45 dagar med arrangement. Det varierer frå ein til seks kampar når vi har arrangement, enkelte helgar er det arrangement både på laurdag og søndag, eller berre den eine dagen. I tillegg har vi arrangert turnering i juleferien.

Det har vore bra med publikum denne sesongen også. Vi har observert at fleire unge spelarar kjem og ser på eldre aldersbestemte laga sine kampar. Dette er veldig flott, da dei kan både lære og samtidig få nokre idol.

Laga i Ørsta Handball sesongen 2017-2018

ØIL Handball har denne sesongen,

- 11 jentelag og 1 damelag
- 7 guttelag og 1 herrelag

Lag	Hovedtrener	Hjelpetrener	Oppmann	Foreldrekontakt
Minihandball J08 Minihandball J07	Karoline Slenes Ragnhild Brautaset/Anita Kristiansen	Reidun Flem Tare Reklev/Jenfrid Vikenes	Ingelin Hjellen Reidun Søvik Mårstøl	Borgny Ottestad Reidun Søvik Mårstøl
Minihandball G08 Minihandball G07	Stian Kleppe Monica Riise	Kristin Takset/Linda Kriken Marlèn Raudøy	Kamilla Håskjold Myklebust Eirin Mork Stenersen	Kamilla Håskjold Myklebust Eirin Mork Stenersen
J10-01 J10-02 J10-03 J10-04 (2008)	Karen Øie Kristine Rebbestad Marte Bjørdal Per Bjarne Flusund Skarstein	Ida Skarstein	Karen Rekkedal Hilde Osborg	Karoline Flo Bratteberg Tone Petra Rønning
J11	Tom Slenes	Sondre Masdal	Eline Hjellen	Trude Velle
J12	Malin Brekke	Ronja Aakre	Anne-Mette Sætre	Ingeline Bjørdal Ose
J13	Inger Helen Lystad	Daniel Thorup	Hilde Langlo	Hilde Langlo
J16 J15	Sven Castberg Bendiks Reklev	Ronny Pedersen	Rune Hovde Mette Karin	Hjørdis Vikenes
G10 (2008/2007)	Maren Pedersen	Ingrid Hovden Trude Holen	Anette Dagfinrud	Ingvill Korsfur Ose
G12 (2005)	Andor Bjerke	Bendik Bjerke	Mads Vinjevoll	Line Rogne
G13 (2004)	Ronny Pedersen		Jannicke Hjellen	Kristin Myklebust
G16 Fylke G16 Region	Anders Vatsaas	Emil Bjørdal Per Ingebrigtsen (januar)	Johnny Garen Elin og Kenneth Nydahl	Janne Petrin Eilertsen Norunn Fagerhol
Herrelag 3D	Lars Øie	Tom Slenes	Patricio Medina	Patricio Medina
Damelag 4D	Olav Fosshim Moe	Bjarte Midtsæther	Helene Kalvatsvik Fagerhol	Helene Kalvatsvik Fagerhol

Generelt

Styret har gjennomført styremøter ein gong i månaden. Vi har arrangert “avkast” i Ørstahallen ved sesongstart.

Minihandballgruppa er so stor at vi må ta i bruk både Vikemarka og Ørstahallen for å ha ein nok areal for alle barna. Dei har deltatt på nokre turneringar på Sunnmøre. Dette kjem i tillegg til alle seriekampane etc. som har vore arrangert.

Styret har i løpet av året vore med på ulike møter som t.d. møte med handballforbundet sin representant frå Region Nord og Sonemøter.

Dette året har det blitt kjøpt inn fleire sett drakter, ballar, vestar etc.

Det har vore gjennomført «dopapirsal» ein gong denne sesongen. Dette er ei viktig inntektskjelde for ØIL Handball, og noko av inntektene går attende til dei enkelte laga – utifrå kor mykje dei sel.

I tillegg til dette gjennomførte vi «Ullsokkarsal», som kom veldig brått på veldig monge. Vi ser at det kan vere ein fordel om ein i framtida har eigne komitear som tek seg av sal og dugnadar, slik at det vert ein god struktur på dette arbeidet.

Styret er glade for å ha ei positiv foreldregruppe å samarbeide med, og dette merkar vi spesielt godt når vi arrangerer kampar. Utan dei hadde vi ikkje klart å fått gjennomført alt vi har gjort i 2017/2018.

Utfordringar i 2017-2018

Vi har i år som i fjor store utfordringar med treningstider for laga. Stort sett alle laga har måtte dele treningstider med andre lag, anten trent i lag og/eller delt hallen mellom seg. Ingen av laga har fått nok treningstid, og fleire av laga har hatt treningstider til relativt ugunstige tider. I tillegg har alle laga hatt fleire treningar utanfor hall, eigentreningar, fjellturar, m.v.

Ei anna utfordring er at vi ikkje får lagt inn vatn i kiosken, dette er vi heilt avhengig av dersom vi skal utvikle kiosken.

Hallsituasjonen er ei stor utfordring og begrensing for ØIL Handball, og situasjonen er uholdbar. Men lyspunktet er at vi no kjem til å flytte inn i ny hall i januar 2019.

Generelt kan vi konkludere med at det har vore ein svært aktiv sesong både for styret, trenarar, lagleiarar og for dei aktive. Alle har samarbeida godt og gjort ein stor innsats, og dette har medført at ØIL Handball har fått til svært mykje denne sesongen med dei ressursane som har vore tilgjengelege. Med unntak av hallsituasjonen ser ØIL Handball lyst på framtida.

Ørsta 3. april 2018

Tom Slenes

Leiar ØIL handball